

## AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 291/2022

av 9. desember 2022

### om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1247 av 19. juli 2022 om godkjenning av alluraraudt AC som tilsetjingsstoff i fôr til små pattedyr som ikkje er meinte for næringsmiddelproduksjon, og prydfuglar<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1249 av 19. juli 2022 om godkjenning av vitamin B12 i form av cyanokobalamin framstilt av *Ensifer adhaerens* CNCM I-5541 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar<sup>(2)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1250 av 19. juli 2022 om godkjenning av etylakrylat, pentylisovalerat, butyl-2-metylbutyrat, 2-metylundekanal, (2E)-metylkrotonsyre, etyl-(E,Z)-deka-2,4-dienoat, butan-2-on, sykloheksylacetat, 3,4-dimetylsyklopentan-1,2-dion, 5-etyl-3-hydroksy-4-metylfuran-2(5H)-on, fenetylbutyrat, heksylfenylacetat, 4-metylacetofenon, 4-metoksyacetofenon, 3-metylfenol, 3,4-dimetylfenol, 1-metoksy-4-metylbenzen, trimetyloksazol og 4,5-dihydrotiofen-3(2H)-on som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar<sup>(3)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1266 av 20. juli 2022 om godkjenning av mononatriumglutamat framstilt ved gjæring med *Corynebacterium glutamicum* KCCM 80187 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar<sup>(4)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 5) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1374 av 5. august 2022 om godkjenning av kaliumdiformiat som tilsetjingsstoff i fôr til avvande smågrisar, slaktesvin og purker, og om oppheving av gjennomføringsforordning (EU) nr. 333/2012<sup>(5)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 6) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1375 av 5. august 2022 om avslag på godkjenning av etoksykin som fôrtilsetjingsstoff i funksjonsgruppa antioksidantar, og

---

(1) TEU L 191 av 20.7.2022, s. 3.

(2) TEU L 191 av 20.7.2022, s. 10.

(3) TEU L 191 av 20.7.2022, s. 13.

(4) TEU L 192 av 21.7.2022, s. 17.

(5) TEU L 206 av 8.8.2022, s. 35.

om oppheving av gjennomføringsforordning (EU) 2017/962<sup>(6)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.

- 7) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1382 av 8. august 2022 om godkjenning av eit preparat av *Propionibacterium freudenreichii* DSM 33189 og *Lentilactobacillus buchneri* DSM 12856 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar<sup>(7)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 8) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1383 av 8. august 2022 om godkjenning av olibanumekstrakt frå *Boswellia serrata* Roxb.ex Colebr. som tilsetjingsstoff i fôr til hestar og hundar<sup>(8)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 9) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1490 av 1. mars 2022 om godkjenning av pressa eterisk sitronolje, restfraksjon frå destillasjon av pressa sitronolje, destillert eterisk sitronolje (flyktig fraksjon) og destillert eterisk limeolje som tilsetjingsstoff i fôr til visse dyreartar<sup>(9)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 10) Gjennomføringsforordning (EU) 2022/1375 opphevar Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 333/2012<sup>(10)</sup>, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 11) Gjennomføringsforordning (EU) 2022/1374 opphevar Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2017/962<sup>(11)</sup>, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 12) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 13) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

#### *Artikkel 1*

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 454 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/565) skal nye nummer lyde:

---

<sup>(6)</sup> TEU L 206 av 8.8.2022, s. 39.

<sup>(7)</sup> TEU L 207 av 9.8.2022, s. 16.

<sup>(8)</sup> TEU L 207 av 9.8.2022, s. 19.

<sup>(9)</sup> TEU L 234 av 9.9.2022, s. 1.

<sup>(10)</sup> TEU L 108 av 20.4.2012, s. 3.

<sup>(11)</sup> TEU L 145 av 8.6.2017, s. 13.

- ”455. **32022 R 1247:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1247 av 19. juli 2022 om godkjenning av alluraraut AC som tilsetjingsstoff i fôr til små pattedyr som ikkje er meinte for næringsmiddelproduksjon, og prydfuglar (EUT L 191 av 20.7.2022, s. 3).
456. **32022 R 1249:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1249 av 19. juli 2022 om godkjenning av vitamin B12 i form av cyanokobalamin framstilt av *Ensifer adhaerens* CNCM I-5541 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 191 av 20.7.2022, s. 10).
457. **32022 R 1250:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1250 av 19. juli 2022 om godkjenning av etylakrylat, pentylisovalerat, butyl-2-metylbutyrat, 2-metylundekanal, (2E)-metylkrotonsyre, etyl-(E,Z)-deka-2,4-dienoat, butan-2-on, sykloheksylacetat, 3,4-dimetylsyklopentan-1,2-dion, 5-etyl-3-hydroksy-4-metylfuran-2(5H)-on, fenetylbutyrat, heksylfenylacetat, 4-metylacetofenon, 4-metoksyacetofenon, 3-metylfenol, 3,4-dimetylfenol, 1-metoksy-4-metylbenzen, trimetyloksazol og 4,5-dihydrotiofen-3(2H)-on som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 191 av 20.7.2022, s. 13).
458. **32022 R 1266:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1266 av 20. juli 2022 om godkjenning av mononatriumglutamat framstilt ved gjæring med *Corynebacterium glutamicum* KCCM 80187 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 192 av 21.7.2022, s. 17).
459. **32022 R 1374:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1374 av 5. august 2022 om godkjenning av kaliumdiforamat som tilsetjingsstoff i fôr til avvande smågrisar, slaktesvin og purker, og om oppheving av gjennomføringsforordning (EU) nr. 333/2012 (EUT L 206 av 8.8.2022, s. 35).
460. **32022 R 1375:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1375 av 5. august 2022 om avslag på godkjenning av etoksykin som fôrtilsetjingsstoff i funksjonsgruppa antioksidantar, og om oppheving av gjennomføringsforordning (EU) 2017/962 (EUT L 206 av 8.8.2022, s. 39).
461. **32022 R 1382:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1382 av 8. august 2022 om godkjenning av eit preparat av *Propionibacterium freudenreichii* DSM 33189 og *Lentilactobacillus buchneri* DSM 12856 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 207 av 9.8.2022, s. 16).
462. **32022 R 1383:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1383 av 8. august 2022 om godkjenning av olibanumekstrakt frå *Boswellia serrata* Roxb.ex Colebr. som tilsetjingsstoff i fôr til hestar og hundar (EUT L 207 av 9.8.2022, s. 19).
463. **32022 R 1490:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2022/1490 av 1. mars 2022 om godkjenning av pressa eterisk sitronolje, restfraksjon frå destillasjon av pressa sitronolje, destillert eterisk sitronolje (flyktig fraksjon) og destillert eterisk limeolje som tilsetjingsstoff i fôr til visse dyreartar (EUT L 234 av 9.9.2022, s. 1).”

2. Teksta i nr. 2zzg (Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 333/2012) og 218 (Kommissjonens gjennomføringsforordning (EU) 2017/962) opphevast.

*Artikkel 2*

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2022/1247, (EU) 2022/1249, (EU) 2022/1250, (EU) 2022/1266, (EU) 2022/1374, (EU) 2022/1375, (EU) 2022/1382, (EU) 2022/1383 og (EU) 2022/1490 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 10. desember 2022, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(\*)).

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 9. desember 2022.

For EØS-komiteen

***Kristján Andri Stefánsson***

Formann

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.